



Høgskulen
på Vestlandet

STRATEGISK DIMENSJONERING AV STUDIEPORTEFØLJEN - OMFORDELING AV STUDIEPLASSAR MELLOM FAKULTET - LØYPEMELDING

Styresak O-21/26

Prorektor for utdanning Anne-Grethe Naustdal
Styremøte Bergen 11.juni 2026



Strategisk innramming

- › Utvikle Universitetet på Vestlandet med tre sterke fakultet og fem levande campus med stor regional innverknad.
- › Vi skal ha profesjons- og arbeidslivsretta utdanningar med aktive og sterke forskingsmiljø, og gode internasjonale sambandslinjer.
- › Dette vil og må vi klare samstundes som vi utnyttar studieplassane våre betre i møte med regionale og nasjonale kompetansebehov. Eit profesjonsretta universitet må ha evne til å omstille seg når samfunnet og kompetansebehovet endrar seg.

Utkast ny utviklingsavtale 2027-2030

Mål 2: HVL utviklar og tilpassar dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane for å møte kompetansebehova i samfunnet

Utkastet til ny utviklingsavtale har følgende forslag til styringsparameter knytt til dette målet:

1. Vidareutvikle og **dimensjonere** studieporteføljen i tråd med samfunnets kompetansebehov.
2. Auke **rekruttering** på prioriterte utdanningar, særleg studieprogram med låg fyllingsgrad der kompetansebehovet er stort.
3. Auke **gjennomstrøyming** på utdanningar med lågare fullføringsprosent enn landsgjennomsnittet.

Presentasjonen startar med å gje ein bakgrunn for at vi har satt i gang ei **konsekvensvurdering** av omfordeling av studieplassar mellom fakulteta

Presentasjonen gir også bakgrunn for forslaga som no blir konsekvensvurdert

Viktige milepålar

- › **Oktober 2024:** Styret vedtok ny rammefordelingsmodell
- › **Mars 2025:** Styret gav innspel til utvikling av kriterium og strukturar for vurdering av omfordeling av basismidlar mellom fakultet
- › **Juni 2025:** Styret vedtok etableringa av to styringsprinsipp for strategiske prioriteringar i dimensjonering av studieporteføljen
- › **November 2025:** Styret vedtok vurderingsgrunnlaget for dimensjonering av studieporteføljen
 - › **Januar 2026:** Drøfting i HVL-leiinga av prosess og kobling til andre saker
 - › **Mai 2026:** Intern plan- og budsjettkonferanse for utvida HVL-leiing
 - › **Mai – august 2026: Konsekvensvurderingar**
- › **Juni 2026:** Løypemelding til styret
- › **September 2026:** Rektor legg fram forslag til omfordeling basert på konsekvensvurderingane for styret.
- › **Oktober 2026:** Rektor legg fram endeleg forslag til omfordeling for styret.

Protokoll sak 55/25 møte 20.11.2025:

Vedtak

Med bakgrunn i rammer, styringssignal og forventningar gjevne av Kunnskapsdepartementet (KD) blir kriterium som KD nyttar i dimensjoneringa lagt til grunn for HVL sine vurderingar kring dimensjonering av studieporteføljen i HVL:

- Samfunns- og arbeidslivets kompetansebehov
- Potensiale for studentrekruttering
- Studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar

Desse vurderingane må risikovurderast opp mot utøvinga av høgskulens samfunnsmandat og dei strategiske samanhengar utdanningane står i. Dette for å sikre eit godt avgjerdsgrunnlag. Utgangspunkt for risikovurdering vil vere:

- Dei fem prinsippa for strategisk utvikling av studieporteføljen ved HVL
- KD sine rammer, styringssignal og forventningar
- Forsking og innovasjon
- Kunnskapsberedskap/fagmiljø

Vurderingane er i utgangspunktet knytt til HVL sitt prinsipp 1 (kvart fjerde år), men må også vere utgangspunkt for årlege vurderingar.



Rammefordelingsmodellen: Bakgrunn for innføring

- › **KD innførte nytt finansieringssystem for UH-sektoren i 2025.**
 - › Det nye systemet inneheld same basiskomponent som før, men den resultatbaserte komponenten er betydeleg forenkla.
 - › Den største effekten for Høgskulen på Vestlandet med det nye finansieringssystemet er at endringar i studiepoengproduksjonen får mykje større utslag økonomisk enn tidlegare. Med nedgang i studentvolumet betyr dette ein forsterka nedgang i rammene frå KD.
- › På bakgrunn av nytt finansieringssystem for UH-sektoren vedtok styret **ny intern rammefordelingsmodell ved HVL i oktober 2024** (sak 49/24-B).

Knytt til **basisfinansiering** står det følgande i saka:

HVL har i eksisterande rammefordelingsmodell fordelt basismidlar til fakulteta på bakgrunn av finansierte studieplassar frå Kunnskapsdepartementet. Anbefalinga i ny rammefordelingsmodell er framleis å fordele basis via finansierte studieplassar. Det er vanskeleg å sjå for seg ei anna fordeling av basis som ikkje er skjønnsmessig, og som ikkje samstundes gjer at fakulteta blir endå meir resultatutsett enn det dei allereie er.

Ei omfordeling av finansierte studieplassar/ressursar mellom fakulteta vart ikkje ein automatisk del av rammefordelingsmodellen, men skal bli gjort i særskilte vurderingar knytt til studieportefølje og budsjett i styret.

Samfunnsmandat og tildelingsbrev

Rammefinansiering


Universitetene og høyskolene får midlene på kap. 260 som én rammebevilgning, som betyr at institusjonen selv skal disponere og fordele tildelingen mellom sine formål, aktiviteter og enheter for å møte de målene som er satt for sektoren og den enkelte virksomhet.

Regjeringen legger vekt på at universiteter og høyskoler gjør omdisponeringer innenfor sine rammer, også på tvers av fakulteter/avdelinger, for å styrke oppnåelsen av målene og støtte oppunder de prioriterte kompetansebehovene i utsynsmeldingen, profesjonsmeldingen og langtidsplanen for forskning og høyere utdanning. Det innebærer en forventning om at institusjonene prioriterer helsefag, lærerutdanningene, teknologi, sikkerhet og beredskap og områder som er særlig viktige for det grønne skiftet, og for et høyproduktivt og konkurransedyktig næringsliv.

Styringssignala frå Kunnskapsdepartementet (KD) i tildelingsbrevet for 2026 er tydelege: Det vert forventa at institusjonane gjer omdisponeringar innanfor eigne rammer, også på tvers av fakultet (**Tildelingsbrev 2026 - Høgskulen på Vestlandet – s.6**)

Regionalt kompetansebehov


Figur 3.14. Estimert mangel på arbeidskraft med høyere utdanning i Vestland. 2025



Situasjonen ved HVL

Ubalanse i basisløyving

- › Basismidlane våre, som blir fordelt etter finansierte studieplassar, er ikkje blitt endra vesentleg sidan fusjonen, sjølv om studentmassen har endra seg ulikt.
- › Basisfinansiering per student ved FLKI har auka frå ca. 37 000 kr i 2019 til nær 60 000 kr i 2025, medan FHS og FTMS ligg på ca. 37-38 000 kr i 2025 (mot 32 -33 000 i 2019).




Situasjonen ved HVL

Ubalanse i studieaktivitet

Vi ser i dag ein ubalanse i studieaktiviteten mellom fakulteta. Medan FLKI har hatt ein markant nedgang i rekruttering og dermed studiepoengproduksjon, opplever FHS høg rekruttering og potensial for vekst innan helseutdanningar som har stor etterspurnad/behov i samfunnet.

Produksjon 2025:


- **FHS:** 104 % produksjon (produserer over kapasitet).
- **FLKI:** 72 % produksjon (har stor ledig kapasitet/studieplassar utan produksjon).
- **FTMS:** 83% produksjon



Studenttalet i høve finansierte studieplassar har utvikla seg ulikt

> Heltidsekvivalentar 2025:

- > **FHS:** 120%
- > **FLKI:** 82%
- > **FTMS:** 119%



To forslag blir konsekvensvurdert



Svein Ove Eikenes
Avdelingsleiar
Høgskulen på Vestlandet

Publisert 27.05.26 - 09:05

Endra 27.05.26 - 11:31

HVL vurderer omfordeling av studieplassar

Eit arbeid med å vurdere omfordeling av ledige studieplassar mellom fakulteta i høgskulen vert no sett i gang. – Eit viktig mål med arbeidet er å utnytta dei samla ressursane våre betre i møte med regionale og nasjonale kompetansebehov, seier rektor Gunnar Yttri.

Kvart år utviklar HVL studieporteføljen med grundig vurdering av studietilbodet og dei økonomiske rammene. No står større grep føre.

[Notat frå rektor: "Konsekvensvurdering av strategisk dimensjonering og omfordeling av studieplassar mellom fakultet"](#).

Rektor viser til at høgskulestyret gjennom fleire møte i 2025 la grunnlaget for arbeidet med strategisk dimensjonering av studieporteføljen og utnytting av ledige studieplassar.

Høgskulestyret vedtok at HVL kvart fjerde år skal vurdere strategisk dimensjonering av studieporteføljen og endringar i den tilhøyrande basisfinansieringa. 2026 vart peika ut som det første året i ein firårig syklus.

– Omfordeling av studieplassar står på dagsorden. Vi treng å få vurdert kva konsekvensar, både positive og negative, ei omfordeling av studieplassar kan ha for høgskulen. Dette kan vera krevjande arbeid. Ein kan oppleva at det er store beløp som kjem opp. På andre sida skal eventuelle endringar innførast over fleire år. Dette gir høve til meir langsiktige vurderingar og tilpassingar, seier rektor.

Plan for innføring over fleire år - to forslag til konsekvensvurdering

- Rektor har sendt to forslag til omfordeling på høvesvis 30 og 40 millionar kroner ut på ei konsekvensvurdering i organisasjonen.
- Det eine konsekvensvurderingsforslaget tek utgangspunkt i å omfordele 720 studieplassar. Det andre tek utgangspunkt i å omfordele 540 studieplassar.
- Begge framlegga bygger på innsikter om kompetansebehov, utvikling knytt til studentrekruttering og studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar over tid.
- Konsekvensvurderingane skal ta høgde for at ei innføring vil skje over fleire år. Det gir rom for langsiktige vurderingar og tilpassingar.

Bakgrunn for forslag 1 til konsekvensvurdering

- > Som vist tidlegare har studiepoengproduksjonen i høve finansierte studieplassar utvikla seg ulikt i fakulteta dei siste åra. Det same gjeld talet på studentar(heiltidsekvivalentar) i høve dei finansierte studieplassane. I 2025 var situasjonen slik :

Fakultet	Finansierte studieplassar	Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-studiepoengeiningar)	Differanse mellom eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-studiepoengeiningar) og finansierte studieplassar	Studiepoengproduksjon i høve finansierte studieplassar
FHS	3 721	3 888	167	104%
FLKI	4 636	3 323	- 1 313	72%
FTMS	4 538	3 766	- 772	83%
HVL samla	12 895	10 977	- 1 918	85%

Samla hadde HVL ein studiepoengproduksjon på 85% i høve finansierte studieplassar i 2025.

Om alle tre fakulteta skulle hatt 85% studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar, måtte FHS hatt 820 fleire studieplassar enn i dag, FLKI måtte redusert med 720 og FTMS måtte redusert med 100.

Bakgrunn for forslag 1 til konsekvensvurdering - framhald

› Endrar biletet seg når ein tek omsyn til studenttal og rekruttering?

Fakultet	Finansierte studieplassar	Registrerte studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	Differanse mellom registrerte studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) og finansierte studieplassar	Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) i høve finansierte studieplassar
FHS	3 721	4 469	748	120%
FLKI	4 636	3 788	-848	82%
FTMS	4 538	5 414	876	119%
HVL samla	12 895	13 672	777	106%

Studentar (heiltidsekvivalentar) i høve finansierte plassar og utvikling i rekruttering viser at FLKI også har lågt studenttal (heiltidsekvivalentar), medan dette er motsett for FTMS og FHS.

Etter ei samla vurdering av desse tilhøva er forslag 1, som skal konsekvensvurderast, slik :

FLKI: reduksjon på 720 studieplassar

FTMS: auke på 180 studieplassar

FHS: auke på 540 studieplassar

Dette er stipulert til omfordeling på kring 40 millionar kr – innfasa over 4 år – 2027-2030.

Årsrapporten HVL for 2025 – styremøte i mars

HVL har vekst i talet på registrerte studentar og høgskulen sin marknadsandel blant førstevalsøkarar i Samordna opptak i avtaleperioden. Marknadsdelen på 6,44 % i 2025 er den største sidan fusjonen. HVL er den institusjonen i landet med størst auke i marknadsandel. Auken skuldast stor vekst i søkjarar til nettbaserte tilbod, auke i søkjarar på grunnskulelærerutdanning og sjukepleie, og nye studietilbod. Årsakene til den positive utviklinga er samansette og heng tett saman med både merkevarebygging og omdøme.

Variasjonane er likevel store mellom dei ulike studieprogramma. Utdanningsområde/utdanningar med ein kombinasjon av svak rekruttering lokalt til HVL, og nedgåande trendar nasjonalt, utfordrar vår studieportefølje spesielt. Mange av studieplassane vert ikkje fylt opp, samstundes som andre utdanningar har lange ventelister.

Ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har fyllingsgraden auka litt frå i fjor, men ligg framleis på kring 70 % for tredje året på rad. Vi ser og at auka søking på grunnskulelærerutdanning 1-7 truleg har negativ påverknad på rekrutteringa til barnehagelærerutdanninga, som har slitt med søkartal dei siste åra.




Verksemdsrapporten 2.tertial 2025


Presentasjonen knytt til studentopptaket 2025 som styret fekk i september viste at FHS har jamt over gode tal for heile fakultetet (127% fyllingsgrad), men at det er **ledige** studieplassar på bachelor i barnevernspedagogikk. FTMS har gode møtt-tal på økonomi- og administrasjonsfaga og fyller studieplassane på dei nettbaserte studia innan samfunnsfag, historie og sosiologi. Ingeniørfaga har variasjonar i møtt-tala mellom dei ulike programma og campusa. Samla viste tala ein fyllingsgrad på 101,5% for fakultetet. På FLKI er det god rekruttering til grunnskulelærerutdanningane i Bergen, men i Sogndal og på Stord er det **ledige** plassar. Barnehagelærerutdanninga har mange **ledige** studieplassar og alle idrettsfaga har **ledige** studieplassar. Samla gav dette ein fyllingsgrad på 67,8% på FLKI.



Opptaksrapport 2025 - eksempel



Figur 50: Studieplasser og møtt Barnehagelærer - HVL



Figur 54: Studieplasser og møtt Grunnskolelærer 5.-10. - HVL



Bakgrunn for forslag 2 til konsekvensvurdering

Etter samla vurdering er forslag 2, som skal konsekvensvurderast, slik :

FLKI ein
reduksjon på
540
studieplassar

FTMS uendra tal
studieplassar

FHS ei auke på
540
studieplassar



Dette er stipulert til omfordeling på kring 30 mill kr – innfasa over 4 år.

- › Forslag 2 byggjer også på datagrunnlag og vurderingar kring samfunnets kompetansebehov, studentrekruttering og studiepoengproduksjon i høve finansierte plassar (jfr sak 55/25).
- › Heile omfordelinga (540 studieplassar) vert i dette forslaget lagt til FHS som har høg studiepoengproduksjon i høve studieplasstalet, god rekruttering og stort kompetansebehov.
- › Konsekvensvurderinga til FTMS på forslag 1 vil synleggjere konsekvensane ved å ikkje endre basisramma.

Omfordeling og utlyste plassar

Reduserer vi opptaket med **50 plassar** på ein 3-årig bachelorutdanning, utgjer dette totalt **150 studieplassar**.

Ei endring i opptakstalet for eitt år får full effekt først når endringa har gått gjennom heile utdanningsløpet (etter 2, 3 eller 5 år).


DØME på endring i studieplassar	5-årige utdanningar	3-årige utdanningar	2-årige utdanningar
1. studieår	50	50	50
2. studieår	50	50	50
3. studieår	50	50	
4. studieår	50		
5. studieår	50		
Sum studieplassar	250	150	100

Viktige milepålar


- › **Oktober 2024:** Styret vedtok ny rammefordelingsmodell
- › **Mars 2025:** Styret gav innspel til utvikling av kriterium og strukturar for vurdering av omfordeling av basismidlar mellom fakultet
- › **Juni 2025:** Styret vedtok etableringa av to styringsprinsipp for strategiske prioriteringar i dimensjonering av studieporteføljen
- › **November 2025:** Styret vedtok vurderingsgrunnlaget for dimensjonering av studieporteføljen
 - › **Januar 2026:** Drøfting i HVL-leiinga av prosess og kobling til andre saker
 - › **Mai 2026:** Intern plan- og budsjettkonferanse for utvida HVL-leiing
 - › **Mai – august 2026: Konsekvensvurderingar**
- › **Juni 2026:** Løypemelding til styret
- › **September 2026:** Rektor legg fram forslag til omfordeling basert på konsekvensvurderingane for styret.
- › **Oktober 2026:** Rektor legg fram endeleg forslag til omfordeling for styret.



Opptaksrapport 2025 - eksempel



Figur 54: Studieplasser og møtt Grunnskolelærer 5.-10. - HVL



Figur 55: Studieplasser og møtt Grunnskolelærer 5.-10. - Nasjonale tall



Årsrapporten til HVL for 2025

HVL har vekst i talet på registrerte studentar og høgskulen sin marknadsandel blant førstevalsøkarar i Samordna opptak i avtaleperioden. Marknadsdelen på 6,44 % i 2025 er den største sidan fusjonen. HVL er den institusjonen i landet med størst auke i marknadsandel. Auken skuldast stor vekst i søkjarar til nettbaserte tilbod, auke i søkjarar på grunnskulelærerutdanning og sjukepleie, og nye studietilbod. Årsakene til den positive utviklinga er samansette og heng tett saman med både merkevarebygging og omdøme.

Variasjonane er likevel store mellom dei ulike studieprogramma. Utdanningsområde/utdanningar med ein kombinasjon av svak rekruttering lokalt til HVL, og nedgåande trendar nasjonalt, utfordrar vår studieportefølje spesielt. Mange av studieplassane vert ikkje fylt opp, samstundes som andre utdanningar har lange ventelister.

Ved Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett har fyllingsgraden auka litt frå i fjor, men ligg framleis på kring 70 % for tredje året på rad. Vi ser og at auka søking på grunnskulelærerutdanning 1-7 truleg har negativ påverknad på rekrutteringa til barnehagelærerutdanninga, som har slitt med søkartal dei siste åra.



Alternativ 1: omfordeling av 180 studieplassar (10 mill)

- › Føresetnad: Omfordeling frå FLKI til FHS i 2027 for å sikre at tildeling av strategiske midlar i 2026 går inn i ramma.

Fakultet	2027 Endring	2028 Ytterlegare endring	2029 Ytterlegare endring	2030 Ytterlegare endring	Samla endring i studieplassar frå 2030
FHS	+180 (+10 mill)	0	0	0	+180 (+10 mill)
FLKI	-180 (-10 mill)	0	0	0	-180 (-10 mill)
FTMS	0	0	0	0	0

Alternativ 2: omfordeling av 360 studieplassar (20 mill)

- › Føresetnad: Omfordeling frå FLKI til FHS i 2027 for å sikre at tildeling av strategiske midlar i 2026 går inn i ramma.

Fakultet	2027 Endring	2028 Ytterlegare endring	2029 Ytterlegare endring	2030 Ytterlegare endring	Samla endring i studieplassar frå 2030
FHS	+180 (+10 mill)	+60 (+3,3 mill)	+60 (+3,3 mill)	+60 (+3,3 mill)	+360 (+20 mill)
FLKI	-180 (-10 mill)	-60 (-3,3 mill)	-60 (-3,3 mill)	-60 (-3,3 mill)	-360 (-20 mill)
FTMS	0	0	0	0	0

Alternativ 3: omfordeling av 540 studieplassar – 30 mill

Førestnad: Omfordeling frå FLKI til berre FHS i 2027 for å sikre at tildeling av strategiske midlar i 2026 går inn i ramma.

Fakultet	2027 Endring	2028 Ytterlegare endring	2029 Ytterlegare endring	2030 Ytterlegare endring	Samla endring i studieplassar frå 2030
FHS	+180 (+10 mill)	+80 (+4,4 mill)	+80 (+4,4 mill)	+80 (+4,4 mill)	+420 (+23,5 mill)
FLKI	-180 (-10 mill)	-120 (- 6,6 mill)	-120 (- 6,6 mill)	-120 (- 6,6 mill)	- 540 (-30 mill)
FTMS	0	+40 (+2,2 mill)	+40 (+2,2 mill)	+40 (+2,2 mill)	+ 120 (+6,5mill)